

Fysisk inngripen- Opplæringslova § 13-4

ATV-kurs for VGO

3.-4.desember 2024

Opplæringslova § 13-4

Tilsette i skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- a. krenkjer ein person fysisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare*
- b. skader eigedom*
- c. viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv*

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.

Under handsaming: Forslag om endring i Oppl § 13-4

- Departementet foreslår å utvide reglane for når ein tilsett i skulen kan gripe inn fysisk
- Utvidinga handlar om å inkorporere psykisk krenking og situasjonar der elevane forstyrrar opplæringa til andre elevar.
- Høyringsfristen var 10. oktober

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-regler-om-bruk-av-fysisk-inngripen/id3044983/>

Tilsette i skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at eleven

*a. krenkjer ein person **fysisk** eller utsett seg sjølv for fysisk fare*

d. vesentleg forstyrrer opplæringa til andre elevar

Sak meld til htv-møtet i oktober

I fleire av omgrepa som er nytta i paragrafen ligg det eit tolkingsrom.

Kva ligg til dømes i 'sterkt fornedrande', som ein då må rekne som noko meir 'fornedrande'?

Kva kan ein rekne som 'nødvendig' med tanke på fysisk inngripen?

Kva er 'rimeleg' forhold til dei interessene som skal varetakast?

Me ber fylkesdirektøren om å utarbeide retningslinjer om praktisering av Oppl § 13-4.

- Partssamansett arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til retningslinjer/vegleiar
- Planen er å integrere det som relaterer til fysisk inngripen, i retningslinje/vedleiar knytt til vald og truslar
- Innspel/erfaringar?